

Opplysninger gitt i nabovarsel

Sendes kommunen sammen med søkeren (Gjenpart av nabovarsel)



plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

Tiltak på eiendommen

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse	Eier/fester
Lindås	202	79	Leknesvegen 335, 5915 HJELMÅS	Lindås kyrkjelege fellesråd

Det varsles herved om

Tiltakstype
Nytt anlegg/konstruksjon Bruksendring

Næringsgruppekode
O Offentlig administrasjon og forsvar, trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning

Anleggstype
andre

Formål
annet

Arealdisponering

Planstatus mv.

Gjeldende plan
Komuneplanenes arealdel

Navn på plan

Hovedkart for arealdelen av kommuneplanen 2011 - 2023 Lindås kommune

Nabovarselet gjelder

Akasia, som er Bergen kirkelige fellesråd sitt selskap for ivaretaking og utvikling av eigedommene til organisasjonen, har fått i oppdrag av Lindås kyrkjelege fellesråd å stå for utviding av gravplassen på Hjelmås. Det vil sei at vi skal planleggja utvidinga, arrangera anbudskonkurranse og ha prosjekt- og byggeleiing i anleggsperioden.

Det er nokre moment ved dette arbeidet som berører deg som nabo til gravplassen.
ANLEGGSTRAFIKK.

Det blir mykje massar som skal ut frå og inn til anlegget. Vi har sett på korleis denne trafikken skal gå, og har foreløpig konkludert med at vi prøver å ta transporten på gravplassen sin internveg.

Dersom det viser seg at internvegen ikkje tåler vekta av anleggstrafikken, må vi køyra på Apalen.

STØY I ANLEGGSPERIODEN

For å få den rette djupna til gravlegging, reknar vi med at det vert ein del sprenging. I tillegg vil det vera noko støy frå anleggsmaskinene. Vi vil når den tid kjem, sjå til at entreprenøren tar omsyn, men støy er umulig å unngå. All sprenging vil skje på dagtid. Anleggsarbeidet vert stansa når det er gravferdsseremoniar.

PASSASJE OVER GRAVPLASSEN

I dag går det eit tråkk over gravplassen. Dette ønskjer vi å vidareføra ved å leggja inn ei opning i gravmønsteret, og markera tråkken med tråkkheller.

Langs internvegen på gravplassen blir det montert lave lyspullertar som i mørketida vil gi eit diskret lys. Langs tråkken blir det ikkje lys, vi reknar med at veglyset langs Apalen er tilstrekkeleg.

Når den nye delen av gravplassen kjem i bruk, og folk skal besøkja og stella gravene, er det viktig at dei som trafikkerer denne passasjen viser respekt og omsyn. Opplever vi at det oppstår for mange konfliktsituasjonar, lyt det vurderast tiltak for korleis dette skal taklast. Det er viktig at foreldre heilt frå begynnelsen lærer barn opp til å oppføra seg sørmeleg på gravplassen.

INNSYN

Ikkje alle synst det er like stor stas å ha ein gravplass midt i utsikten frå eigedommen sin. Heller ikkje er det så greitt for dei som besøkjer gravene at det er fritt innsyn.

Vi planlegg eit vegetasjonsbelte rundt gravplassen, som vil dempa innsynet ein del. Men vegetasjon treng noko tid på å etablera seg. Det vert sett opp eit luftig tregjerde til innramming der gravplassen grensar mot bebyggelse, så vi håpar at inntrykket ikkje skal bli altfor påtrengjande. Ein gravplass er jo også vakker, særleg i sommarsesongen med alle blomstrane som vert sett ut på gravene.

FRAMDRIFT

Anleggstart er sett til slutten av april med ferdigstilling i september i år, men denne tidsplanen kan bli endra.

Det vil om få dagar gå ut nabovarsel i samband med byggemelding av tiltaket.

EKSISTERANDE GRAVPLASS

Opplysninger gitt i nabovarsel

Sendes kommunen sammen med søknaden (Gjenpart av nabovarsel)



Gravplassen som er i bruk i dag viser stor evne til å halda på fuktigkeit. Vi vonar at nokon av dei tiltaka vi gjer i det nye prosjektet vil vera med å drenera eksisterande felt. Dersom det ikkje skjer, vil vi vurdere andre tiltak dersom det er økonomi til dette.

PLAN FOR UTVIDINGA.

Vi legg ut planen for utvidinga til allmenn beskuelse. Den er laga av landskapsarkitekt Stine Fyrde Venge. Legg gjerne inn spørsmål eller merknader til planen, så skal vi kommentera etter beste evne. Det kan gjerne henda at du som nabo sit med kunnskap om området som kan vera til nytte for oss som skal driva prosjektet.

Spørsmål og merknader vedrørende nabovarsel

Ansvarlig søker

navn

BERGEN KIRKELIGE FELLESRÅD

Kontaktperson

navn

Ove-Christian Fredriksen

e-postadresse

ove-christian.fredriksen@akasia.no

Mobiltelefon

91862394

Søknaden kan ses på hjemmeside:

www.akasia.no

Merknadene sendes:

Eventuelle merknader skal være mottatt innen 2 uker etter at dette varsel er sendt. Ansvarlig søker/tiltakshaver skal sammen med søknad sende innkomne merknader og redegjøre for eventuelle endringer.

Navn

BERGEN KIRKELIGE FELLESRÅD

Postadresse

Vestre Strømkaien 7, 5008 BERGEN

e-postadresse

ove-christian.fredriksen@akasia.no

Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget
Situasjonsplan	D	Tegningen L101 viser eksisterende situasjon. Det aktuelle tiltaket utgjør en del av eiendommen til eksisterende kyrkjegard.
Tegning ny plan	E	Tegningen L202 viser ny situasjon for det avgrensede prosjektområdet.

Opplysninger gitt i nabovarsel

Sendes kommunen sammen med søkeren (Gjenpart av nabovarsel)



Signering

Tilsvarende opplysninger med vedlegg er sendt i nabovarsel til berørte naboer og gjenboere.
Mottagere av nabovarsel fremgår av kvittering for nabovarsel.

Ansvarlig søker

Dato_____

Signatur_____

Gjentas med blokkbokstaver